

Erik Kjebek i «Det norske Amerika»:

# I fotefara til ein utflytta slektning



Gunhild og Tellef Kjebek med borna Edith, Allen og Harvey utanfor det fyrste huset på farmen som dei budde i



Det nye huset på farmen som onkelen min fekk bygt i 1930 åra.

Frå barneåra hugsar eg kor spennande det var å få julebrev frå onkel i Amerika. Like sikkert som jula nærma seg, like sikkert kom amerikabrevet. Fleire brev frå Amerika fekk me ikkje heime hos oss. Onkel skreiv kvart år ikkje eit felles brev som me fekk ein kopi av. Nei, han skreiv eit personleg julebrev rundt til alle søskena sine. Eit og anna brev elles i året sende han vel også heim til familien i Norge, men det er julebrevet eg og dei andre i slekta hugsar best. At eg nokon gong skulle kome til Effie, ein liten stad langt nord i Minnesota, der han budde mesteparten av livet, det tenkte eg visst aldri på. Sist haust var eg der. Når eg no ynskjer å take lesarane med på ei reise til det norske Amerika, ber eg om orsaking for at det er mi eiga slekt som står i sentrum. Det må berre bli slik.

## Farvel med heimlandet

Eldstebrotr til far min utvandra til Amerika i 1910. Mange nordmenn reiste på den tida over til Statane. Kring i heimane var ofte barneflokkane store. På Kjebek var dei sju jenter og fem gutar. Mange munnar skulle mettast. Men far fortalde at sjølv om dei var mange med glupsk appetitt, åt dei seg likevel alltid mette.

Dei fleste gardsbruka på Agder var små, slik var det også i Evje.

Landet og lokalsamfunna kunne ikkje skaffe arbeid til alle som voks opp. Mange tykte også det var lita framtid i å slite seg ut på småbruka. Frå slektningar og kjeningar i den nye verda kom det brev som fortalde om nok av arbeid, flatt og grøderikt jordbruksland og industritilvekst som trong store arbeidsressursar. Og mange reiste for å finne ei betre framtid i den nye verda enn det gamlelandet kunne tilby dei. Sjølv sagt var også romantikk og draum med i dette bilete. Meldingane frå landet på andre sida av Atlanterhavet virka lokkande på unge jenter og gutar som hadde livet framfor seg.

Onkelen min Tellef var altså mellom dei mange som reiste over til Amerika. Det vert fortalt at då han reiste heimanfrå gjekk han snarvegen ned jordet på Kjebek. I skogkanten snudde han seg og vinka med hatten i handa til mor, far og søskenflokk som stod att heime på tunet. Ingen tenkte nok at det skulle gå 36 år før han kom attende til Kjebek. Planen var vel for han som for så mange andre at han ville vere der borte nokre år og tenne pengar, så ville han heim att. Men slik gjekk det ikkje.

Etter det eg veit, arbeidde han dei fyrste åra på Austkysten. I 1916 tok han "homestead" i Effie, ikkje så svært langt frå grensa til

Canada. Søskenbarnet hans, Olav Lund, frå Evje som seinare kom heim att og bygde seg heim på Odde, rådde han til å få seg ein farm. Olav Lund hadde då farm i Effie.

## Soldat i første verdenskrig

På denne tida rasa krigen i Europa. I 1917 gjekk USA med i krigen. Amerikanske soldatar blei sende til Frankrike. Onkelen min var mellom dei. Ein morgon under oppstilliga vart det spurt om det var nokon i troppen som kunne koke. Dei trong ein kokk. Tellef såg då eit høve til å sleppe å kome i fremste lina. Sjølv om han vel berre hadde drive kokkekunsten på ungkarssvis, tok han på seg oppdraget og hadde dette arbeidet til Tyskland kapitulerte og dei amerikanske soldatane kunne vende heim.

Første verdenskrig er blitt kalla soldatkrigen. Millionar soldatar på baa sider fall. Uhyggelege tilstandar rådde i skyttargravene. Les Intet nytt fra vestfronten, så ser du det. Ein av venene til min onkel, Tellef Flaar frå Flatebygd, farbror til Olav K. Flaar, vart råka av ein granat i hofta. Han døyddet etter ni dagar og fekk si grav på ein militær gravplass i Frankrike.

## Gunhild frå Bygland

Då onkel Tellef, eller Tom Erickson som han kalla seg i

Amerika, kom attende til USA i 1918, var han fast bestemt på å selje farmen og flytte tilbake til Noreg. "Men så traff eg Gunhild", hermer dei etter han. Dermed vart han verande i Minnesota.

I mellomkrigstida livnærte dei seg på farmen som etter amerikanske forhold var liten. Tidene var vanskelege i USA også. Tellef dreiv med kalkun. Søskenbarna mine fortalde at dei åt mykje kalkunkjøtt. Men det er vel ikkje den dårlegaste kosten!

Gunhild var barnfødd i Bygland på grensa mellom Minnesota og Nord-Dakota. Og ho hadde slektsrøter til Bygland i Setesdal. Etternamnet hennar var Hovstad. Eg meiner far hennar heitte Tomas Hovstad og kom frå Hovstad i Grendi. På morsida heitte ho Horverak. Noko meir veit eg ikkje om den slekta. Men ho var altså heilt og full bygglending, etter det eg kan skjønne.

Tellef og Gunhild vitja Evje i 1972. Då blei me alle i slekta opp i undring over å høyre Gunhild tale. Sjølv om ho aldri tidlegare hadde vore i Setesdal, så tala ho perfekt setesdalsmål utan amerikansk aksent eller ordstilling. Ho hadde gått på norsk skule, norske gudstener, brukt norsk bibel, salmebok, andaktsbøker og nytta norsk i daglegtalet i mange år framover i livet. Det budde mange norske immigranter både der ho voks opp og der ho og Tellef seinare busette seg på den vesle farmen i Effie.

Då eg møtte Gunhild i 1972, fortalde ho meg at ho frå unge år hadde lese andaktsboka til Rosenius på norsk. Eg skjønna då at ho gjennom foreldra hadde fått med seg ein god og rik vekingsarv frå Setesdal. Andaktsboka av Rosenius var no sundlesen. Eg kjøpte difor den same andaktsboka i nytgåve og gav henne.

## I Effie

Dei fyrste fjorten dagane me var i Minnesota, budde me i Northfield, like ved St. Olavs College. Ein dag drog me saman med dei to søskenbarna mine og nokre andre i familien nord til Effie. Turen frå Northfield til Effie tok om lag fem timar. Eg ynskta å kome dit, så eg er svært takksam til slektningane mine som tok oss med på den lange dagturen.

I sentrum av Effie helste me på to personar som heitte Aakhus. Baa var pensjonistar. Den eine traff eg på kafeen som nok var ein samlingsstad for folk der i distriktet. Den andre vølte på kyrkja. Mange norskamerikanarar har eit nært forhold til kyrkja. Han fortalte at han tenkte seg ein tur til Setesdal. Dei hadde slekt i Bygland.

Aakhus-namnet møtte me att då

me kom til Fredheim kyrkje ei mils veg frå sentrum av Effie. På kyrkjegarden såg eg i alle fall to steinar med namnet Aakhus på. På ein annan gravstein fann eg namnet Aaonsen. Etter det eg forstod, var dei også kome frå Setesdal.

Den vesle kyrkja der på staden var no nærmast museum. Ho blei ikkje nytta til gudstenebruk lenger. Ei tid hadde ho jamvel stått på ein farm eit stykke frå kyrkjegarden. No hadde nokre personar med sans for tradisjon fått henne attende til staden der ho opphavleg stod og sett henne i stand. Det var underleg å kome inn i det vesle kyrkjeset. Her hadde tante og onkel lytta til Livsens ord i norsk språkdrakt. Og her var borna døypte og konfirmerte.

Den vesle kyrkja talte sitt tydelege språk om at immigrantane frå Noreg tok med seg kristenarven då dei for den lange vegen til Amerika. Det voks rett nok fram mange lutherske kyrkjesamfunn i eit land utan statskyrkje og med full religionsfridom. Kyrkjelivet mellom norske utvandrarar er eigentleg eit spegelbilete av ulike grupperingar som har sett sitt preg på kyrkjelivet i landet vårt frå Hans Nielsen Hauges tid.

## På farmen

Det var som ein draum. No var eg på farmen der onkel og tante budde i mange år. Eg var inne i huset dei bvaede på 1930-talet. Det likna på hus som vart bygt i Noreg på den tida. Eg såg tomta der det fyrste vesle huset stod. Ei lafta hytte ville me vel helst ha sagt i dag. Det kunne ikkje ha vore på mange kvadratmeter, men der budde i mange år ein familie på fem personar. Eg gjekk ned til elva som renn omlag femti meter frå husa. Der var nok vaskeklassen. På andre sida budde Aakhus, Aaonsen og lenger oppe Olav Lund, fortalde eit av søskenbarna mine meg.

Det må altså ha vore nærmast eit norsk samfunn der i nærmiljøet. Då borna var små, tala dei norsk i heimen. Og eldsteguten hadde norsk som morsmål dei første åra på skulen. Han kunne enno nokre få setningar på norsk som han hermede etter mor si.

Etter kvart som amerikaniseringa av samfunnet gjekk sin naturlege gang, tok engelsk språk over. Men kor ein snur og vender seg i desse områda av USA, møter ein menneske av norsk avstamning. Mange av dei er interesserte i å lære røtene sine i gamlelandet betre å kjenne. For meg var det ei stor oppleving å møte nokre av desse. Framleis er det nokre band som bind oss til det norske Amerika.

Erik Kjebek



Frå kyrkjegarden ved Fredheim kyrkje. To gravsteinar med namnet Aakhus.

To Harvey, Dorothy, Allen and Fran!

This is an article my dad wrote about his trip to America. It was printed in our local newspaper «Setesdølen». He wanted you to have a copy, so I have tried to translate it.

Dag Ole Kjebekk

Erik Kjebekk in «The Norwegian America»:

## **In the footsteps of an emigrated relative**

From the years of my childhood I remember how exciting it was to receive Christmas letters from my uncle in America. As certain as the arrival of Christmas itself was the arrival of the «America-letters». These were the only letters from America addressed to my home. My uncle did not just copy the same letter each year, he wrote a personal one to every one of his brothers and sisters. An occasional letter at other times of the year would also arrive, but my family and I remember the ones for Christmas most clearly. That I would ever get to visit Effie, a small town far north in Minnesota and my uncle's hometown for most of his life, was hardly imaginable to me. This Autumn I was there. When now taking the readers on a journey to the Norwegian America, I apologize for focusing on my own family. This is the way it has to be.

### **Farewell home country**

The eldest brother of my father emigrated to America in 1910. Many Norwegians travelled at this time to the States. The number of children was high in most families. At Kjebekk they were seven girls and five boys. Many mouths to feed. But my father told me that they always had enough food, even though they were many and had good appetites.

Most farms in Agder county were small, as was the case in Evje. Neither the local communities nor the country as a whole could provide employment for the up-growing generation. Many saw little prospects in working and striving on the small farms. Letters arrived from friends and relatives in the new world describing the possibilities there - flat and fertile land and growing industry that needed many workers. Many travelled to build a better future in the new world than their home country could offer. Naturally, this also included a spoonful of romance and dream pictures. The messages from the land across the Atlantic had a spellbinding effect on young girls and boys with their lives ahead of them.

My uncle Tellef was among those who travelled to America. It was told that when he left home he took a short cut through the field at Kjebekk. As he reached the edge of the forrest, he turned around and waved with his hat in hand to his mother, father and all his brothers and sisters. Who could know that it was to take 36 years before he returned? His original plan was probably the same as most others' - to make some money and then return after a few years. But things turned out differently.

To my knowledge, he spent his first years working on the East Coast. In 1916 he took out «homestead» in Effie, not far from the Canadian border. His cousin, Olav Lund from Evje, who later returned back home and built his home at Odde, advised Tellef to get himself a farm. Olav Lund had one himself in Effie at this time.

### **A soldier in the First World War**

At this time the war went through Europe. In 1917 USA joined the battle. American soldiers were sent to France, and my uncle was among them. One morning his troop was asked if anyone of them could cook. They needed a cook. Tellef saw an opportunity to avoid the front line. Even though he had only done some simple cooking for himself during his years of bachelorhood, he took the challenge. He remained a cook until Germany capitulated and the American soldiers could go back home.

The First World War is called "The Soldier's War". Millions of soldiers fell on both sides. Conditions in the trenches were horrible. "No news from the West Front" by Remarque gives an accurate description of the this. One of my uncle's friends, Tellef Flaatt from Flatebygd (Olav K. Flaatt's uncle), was hit by a shell in his hip. He died nine days later and was buried in a military cemetery in France.

### **Gunhild from Bygland**

When Tellef, or Tom Erickson as he now called himself, returned to the USA in 1918, he was determined to sell his farm and move back to Norway. "But then I met Gunhild" his folks mimic him. And so they stayed in Minnesota.

Between the wars they made their living on the farm, which was small by American standards. Times were tough, also in America. Tellef started having turkeys on the farm. My cousins told me they ate a lot of turkey, not the worst kind of food, I should imagine.

Gunhild was born in Bygland, on the border between Minnesota and North Dakota. Her ancestors came from Bygland in Setesdal. Her surname was Hovstad. I believe her father's name was Thomas Hovstad and came from Hovstad in Grendi. Her mother's name was

Horverak, but I do not know more about her family. But she was as good a Byglander as any, from what I can gather.

Tellef and Gunhild visited Evje in 1972. Everyone in my family were astonished to hear Gunhild speak. She had never been in Setesdal, yet she spoke perfect Setesdal accent, with no American influence on neither pronunciation nor word order. She had attended a Norwegian school, Norwegian services, read a Norwegian Bible, Book of Psalms, Prayer Books and used Norwegian in her daily talk for many years during her life. There lived many Norwegian immigrants both where she grew up and where she and Tellef later settled on their little farm in Effie.

When I met Gunhild in 1972, she told me that she had read the Prayer Book by Rosenius when she was young. This book was now read "to its pieces". Therefore, I gave her a copy in a new edition.

### **In Effie**

The first fourteen days in Minnesota, we lived in Northfield, close to St. Olaf's College. One day we went to Effie along with my relatives, a journey of about five hours. I've been wanting to come there, so I am very grateful to my relatives for taking us there.

In the centre of Effie, we met two people with the name Aakhus. Both were retired. I met one of them at the cafe, which seemed to be the meeting place for the locals. The other one was repairing the church. Many Norwegian Americans have a close relationship to the church. He told me that he wanted to go to Setesdal. He had family in Bygland.

We met the Aakhus name later when we visited Fredheim church outside Effie. In the churchyard I saw at least two tombstones with that name on them. On another stone was written the name Aanonsen. Presumably, this was also a Setesdal-name.

The little church had now become more of a museum. There was no services there any longer. For a time the church had even been removed to a farm some distance from the churchyard. Some people had now brought it back and renovated it. It was strange to enter the small church room. This was the place my aunt and uncle had listened to the Word of Life in Norwegian. Their children were baptized and confirmed in the same church.

The little church spoke its clear language – the Norwegian immigrants brought with them the Christian heritage when they travelled the long distance to America. Several Lutheran churches grew up in a country with no state church and complete liberty of religion. Church life among Norwegian immigrants is in many ways a mirror image of the various religious groups in Norway from the time of Hans Nielsen Hauge and onwards.

## **At the farm**

It was like a dream. Finally, I was at the farm where my uncle and aunt lived for many years. I was inside the house they had built in the 1930s. It resembled houses built in Norway at the same time. I saw the area where the first house had stood. Today we would have called it a log house. It could not have covered many square metres, still a family of five people lived there for many years. I went down to the river, which ran about fifty metres from the house. That was probably the place for washing. On the other side lived Aakhus, Aanonsen and ,further up, Olav Lund, one of my cousins told me.

So there must have been a whole Norwegian community there once. When the children were small, they spoke Norwegian in the house. The oldest boy even had Norwegian in his first years in school. He could still talk a bit Norwegian, which he had memorized from his mother.

Gradually, the community was americanized, and the English language took over. But wherever you turn in these parts of USA, you will be sure to meet somebody with Norwegian ancestry. Many are interested in learning more about their roots in Norway. To me, it was a great experience to meet some of them. There are still ties binding us to the Norwegian America.

Picture subtexts:

1. Gunhild and Tellef Kjebekk with their children Edith, Allen and Harvey outside the first house they lived in on the farm.
2. The new house on the farm, built by my uncle in the 1930s.
3. From the churchyard by Fredheim Church. Two tombstones with the name Aakhus.